

Ni kraftprosjekt i Mauranger – når kjem turen til Uskedalen?

15.11.2007



Tverrelva har skaffa kraft før i Uskedalen - vil ho gjera det igjen? (Foto: Ola Matti Mathisen)

I år er to kraftverk sett i drift i Mauranger-området medan sju er under bygging og planleggjing der. I Uskedalen har kraftutbyggjingsplanene - når ein unntar Friheim-verket - lege på is. Og det sjølv om dalen truleg har eit av dei beste prosjekta i Kvinnherad – Tverrelva. Men kanskje er noko no på gang på andre sida av dalen.

- Kva for ein bodskap har du til grunneigarane i Uskedalen i denne samanhengen, spør uskedalen.no uskedelingen Oddbjørn Kroka. Han er no er i gang med å byggja eit av kraftverka i Mauranger.
- Bodskapen er klar nok. Eg har forstått det slik at grunneigarane i Uskedalen så langt ikkje har klart å bli einige. No bør dei bli det – og komma i gang. Dei bør eventuelt få ein advokat til å hjelpa seg, seier Kroka.

Frå anna hald høyrer imidlertid uskedalen.no at det skal vera sett i gang utgreiing av eit prosjekt på den andre sida av dalen - nærare bestemt i Børsdalen - og at det er grunneigarar på Døsslandsido som står bak. Det har så langt ikkje lukkast uskedalen.no å få nærare opplysningar om dette prosjektet.

Kroka har budd i Uskedalen sidan 1988, men han tok i fjor over odelsgarden på Kroka i Mauranger og det er i Krokelva han og Hanne Saghaug Kroka byggjer minikraftverket. Det vil få ein årsproduksjon på 2,1 GWh og utifrå ein straumpris på 25-30 øre vil inntekta bli 500.000-600.000 kroner i året.

Prosjektet er kalkulert til fem millionar og Kroka vonar at kraftverket skal vera driftsklart i mars. Utbyggjinga er krevjande fordi det er svært bratt. Den 550 meter lange røyrkata må leggjast under riksvegen. Sjølve kraftstasjonen blir lagt nede ved fjorden og fallet blir 127 meter.

Oddbjørn Kroka byggjer ut sjølv og grunnjev det overfor Grenda med at han tener mest pengar på den måten. Han brukar bevisst berre lokal arbeidskraft til prosjektet. Grunnarbeidet vert utført av G. Røsseland, Husnes medan Hauge Forskaling skal ha betongarbeidet og RTR Rør røyrleveransen. Energi Teknikk leverer turbin, generator og styretavle. Grunnarbeidet er igang og betongarbeidet startar over årsskiftet.

Eit kraftverk i Tverrelva i Uskedalen ville få heilt andre dimensjonar enn dei fleste kraftverk som er under planleggjing eller byggjing i Kvinnherad for tida. Ved å utnytte heile fallet på rundt 500 meter vil ein oppnå ein årsproduksjon på 15 GWh, sju gonger så mykje som Kroka-prosjektet og nesten dobbelt så mykje som ein kraftstasjon som vart sett i drift i Gjetingsdalen tidlegare i år.

Den gamle kraftstasjonen Kjærland Kraftverk er i for dårleg stand til å kunne renoverast og den utnyttar heller ikkje fallet maksimalt ettersom den ligg ein bit oppe i elva. Den hadde også inntak eit godt stykkje nedanfor der elva renn ut frå Mannsvatnet.

Planen som vart lagt på is går ut på at kraftstasjonen skal leggjast heilt nede i dalbotnen og inntaket flyttast oppover til vatnet.

Av Ola Matti Mathisen



Kraftstasjonen i Tverrelva var i drift til på 1960-talet. (Foto: Ola Matti Mathisen)